



DEN NORSKE KYRKJA

Prosten i Øvre Telemark

Brøløsvegen 13A
3840 SELJORD
Tlf: 41566043

Sokneprestane i Øvre Telemark

Seljord 09.02.2017

Nye rutinar for registrering av vigselførespurnader

Sokneprestane i Øvre Telemark vert med dette bedne om å innføre nye rutinar for registrering av vigselførespurnader til kyrkjekontora, gjerne ved å vidaresende dette brevet til kyrkjevevjane og kontorpersonale som tek imot slike førespurnadar.

- 1) Når nokon ringjer om vigsel, vert ønske om tidspunkt og stad registrert saman med namn og kontaktinformasjon til brudeparet.
- 2) Kyrkjevevje og sokneprest tek stilling til stad og tidspunkt etter å ha sjekka at det ikkje er dobbeltbooking med andre brudepar i samarbeidsområdet. Når dette er klart, bør ein stadfeste tid og stad overfor brudeparet, men også gje dei melding om at prest vil bli tildelt seinare.
- 3) Når tidspunkt og stad for vigselen er klar, sender soknepresten følgjande informasjon til prosten i ein epost:
 - a) namn på brudefolket
 - b) tid og stad for vigselen
 - c) soknepresten si tilråding om kven som skal forrette/melding av vikarbehov
- 4) Der soknepresten tilrår seg sjølv eller annan prest i teamet, vil eg vanlegvis kvittere med eit OK straks, om det ikkje er del av ein komplisert feriekabal. Der det vert meldt om eit vikarbehov, tildeler eg prest like etter at arbeidsplanane er komne inn 1/4, 1/8 eller 1/12.
- 5) Når soknepresten får melding frå meg om kva prest som er tildelt vigselen, bør brudeparet informerast om dette.

Venleg helsing

Asgeir Sele

Asgeir Sele
Prost